



NVS NOTAT 4/2017

GPS-MERKING AV VILLREIN
I BRATTEFJELL-VINDEGGEN
MED BRUK AV
KAMERASENDARAR

*Delprosjekt av GPS-merkeprosjektet i
Setesdal Austhei 2018-2022*

Lena Romtveit
Anders Mossing
Olav Strand
Tor Punsvik



Romtveit, L., Mossing, A., Strand O. og Punsvik T. 2017. GPS-merking av villrein i Brattefjell-Vindeggen med bruk av kamerasendarar. Delprosjekt av GPS-merkeprosjekt i Setesdal Austhei 2018-2022. NVS Notat 4/2017. 8 s.

Forsidefoto: Olav Strand/NINA

Stiftelsen Norsk villreinsenter: NO- 2661 Hjerking | Telefon: +47 48 10 10 48

Norsk villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 95 89 63 60 | E-post: post.sor@villrein.no

Norsk villreinsenter Nord: NO- 2661 Hjerking | +47 91 62 37 15 | E-post: post.nord@villrein.no

Org. nr: NO 990 697 809 MVA

Forord

Bakgrunnen for dette notatet er at Norsk villreinsenter Sør (NVS Sør) er engasjert i opprettinga av eit nytt villreinprosjekt på Setesdal-Austhei. Vår rolle i dette prosjektet, som i fleire tidlegare tilsvarande prosjekt er å vera sekretariat samt prosjektpartner. I det komande Austheiprojektet er bruken av skog og beitepreferansar i slike område eit sentralt tema. Dette er også eit fenomen ein kjenner til frå Brattefjell-Vindeggen og det var dermed naturleg å tenke seg parallelle undersøkingar også i dette området. Med bakgrunn i det, samt eit lokalt initiativ frå Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og villreinutval kom forslaget om også GPS-merking med kamerasendarar opp for Brattefjell-Vindeggen villreinområde. Som framtidig sekretariat for eit ev. slikt prosjekt, skriv difor NVS Sør eit framlegg til projektskisse i vår notatserie.

Skinnarbu, 08.11.2017

Lena Romtveit¹, Anders Mossing¹, Olav Strand¹ og Tor Punsvik²

¹ Norsk villreinsenter Sør

² Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder

Innhold

FORORD	3
INNHALD.....	4
BAKGRUNN	5
PROSJEKTETS INNHALD OG METODIKK	5
MÅL FOR PROSJEKTET	6
ORGANISERING.....	6
PROSJEKTDeltakarar og finansiering	6
Framlegg til deltakarar og bidragsytarar i prosjektet	6
Framlegg til kostnadsfordeling mellom prosjektdeltakarane	7
Tabellarisk oversyn over budsjett og finansieringsplan.....	7
KORTFATTA FRAMDRIFTSPLAN	8

Bakgrunn

I mai 2017 blei det tatt initiativ til eit nytt villreinprosjekt i Setesdal Austhei. Det førre prosjektet blei avslutta i 2010. Eit av hovudtema i prosjektet vil vera å sjå på reinens beite i skogområda. Dette tema blir særleg interessant framover med tanke på framtidige forventa klimaendringar. Reinen i Setesdal Austhei er kjent for å bruke skogområda på Austheia gjennom året, då særleg i sørområdet i sommarhalvåret. Dette er ei problemstilling ein kjenner til frå fleire villreinområde i Noreg, også i Brattefjell-Vindeggen. Der er likevel nokre skilnadar mellom desse to områda; reinen i Setesdal Austhei har sitt opphav frå tamrein, medan reinen i Brattefjell-Vindeggen er ein utløpar frå Hardangervidda, som i nyare tid i all hovudsak er avsnørt frå Hardangervidda-reinen. Denne parallelle problemstillinga i to ulike villreinområde, med rein av ulikt opphav, gjev ei unik anledning til å studere nærare bruk og verdi av skog som funksjonsområde.

Prosjektets innhald og metodikk

Norsk institutt for naturforskning (NINA) har gjennomført GPS-merking av villrein i Noreg sidan 2001 og sidan 2013 er det testa ut bruk av sendarar med kamera. Dette er gjort i fleire villreinområde i Noreg. Bileta og særleg filmene frå desse kamera gjev oss ei unik og heilt ny moglegheit for å studere reinens variasjon av beitevanar og prefererte beiteplanter, både i tid og rom.

I prosjektet på Austheia ser ein for seg å nytte denne teknologien, både med bruk av det materialet som alt finns i dag, til ein innleiande og generell skildring av tema og metodikk, samt direkte i Setesdal Austhei og i Brattefjell-Vindeggen, ved å montere på nye GPS-sendarar med slik teknologi. På denne måten får ein ei interessant breidde i data, då reinens utgangspunkt i desse villreinområda er ulike, men åtferd per i dag er relativt like kvarandre.

I Brattefjell-Vindeggen vil det vera aktuelt å merke 6-8 individ med GPS-sendarar vinteren 2018, derav 3-4 med kamera. Ved frekvens på GPS-logging for eksempel 1 gong per halvtime, med ein tilhøyrande 20 sekundars filmsekvens, vil kamerasendaren vare i ca. 6-7 månadar. Desse vil så bli plukka av att hausten 2018. Dei andre dyra som er merka med vanleg GPS-sendarar vil gå vidare 3-4 år. Med denne metodikken vil ein i tillegg til å studere reinens bruk av skogområda og beiteval i skog, med dei same GPS-sendarane også få ei generell kartlegging av reinens arealbruk i området.

Mål for prosjektet

Å undersøke villreinens bruk av skogområda i Brattefjell-Vindeggen villreinområde og beitepreferansar i skog, samt kartlegging av reinens arealbruk gjennom året.

Organisering

Prosjektet vil bli organisert under hovudprosjektet for Setesdal Austhei. Dette blir initiert frå Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, og aktuelle bidragsytarar og prosjektpartnerar blir invitert derfrå. Den faglege leiinga vil vera under NINA ved Olav Strand og sekretariatet for prosjektet vil bli lagt til NVS Sør ved Lena Romtveit og Anders Mossing. Det må vidare oppnemnast ei styringsgruppe med leiar blant dei deltakande partane. Vidare arbeidast det med å opprette delprosjekt for ulike tema, som mellom anna dette med beitebruk i skog. Kvart delprosjekt vil få si eiga arbeidsgruppe. Til sistnemnte tema er det tenkt eit samarbeid med Høgskolen i Sørøst-Norge ved institutt for miljøfag i Bø (HSN Bø). Dei har skrive ei projektskisse for dette arbeidet, der dei vil inngå med ei PhD-stilling som ressurs direkte til prosjektet. Delprosjektet for Brattefjell-Vindeggen vil inngå i dette.

Prosjektdeltakarar og finansiering

Delprosjektet for Brattefjell-Vindeggen må rekne med ein totalkostnad på til saman ca. kr. 500.000,- for heile prosjektperioden samla. Dette vil dekke merking av 6-8 individ med GPS-sendarar, derav 3-4 med kamera, datainnsamling, samt oppfølging i felt og administrative kostnader. Denne summen må finansierast lokalt. Dei andre utgiftene i prosjektet, knytt til Austheia eller andre delprosjekt, vil også måtte få eiga finansiering.

Framlegg til deltakarar og bidragsytarar i prosjektet

Rettighetshavarar: Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og villreinutval, Bossbøen Jagtselskab, Stordalen (?), Hydro (?), Andre?

Forvaltning: Villreinemnd, verneområdestyre, fylkesmann, representant frå kvar av kommunane Tinn, Vinje, Hjartdal og Seljord.

Kraftregulantar m.v.: Skagerak Kraft AS, Statnett og Øst-Telemarkens Brugseierforening

Reiseliv/Næringsliv: Representant frå reiselivet på Rauland og representant frå reiselivet i Tinn.

Framlegg til kostnadsfordeling mellom prosjektdeltakarane

- Kr. 100.000,- fordelt på dei 4 kommunane Tinn, Vinje, Seljord og Hjartdal med kr. 25.000,- på kvar (lik fordeling mellom «store» og «små» villreinkommunar i området, då dei to minste er dei som har størst reiselivssatsing inn i området og på den måten bør bidra sterkt til ei kunnskapsbasert forvaltning).
- Kr. 110.000,- fordelt på rettighetshavarane i området; kr. 50.000,- på Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og villreinutval, kr. 20.000,- på Hydro, kr. 20.000,- på Stordalen og kr. 20.000,- på Bossbøen Jagtselskab. Andre? Ev annan fordeling?
- Kr. 200.000,- frå kraftregulantar og linjeeigarar i området: kr. 100.000,- på Skagerak Kraft AS, kr. 50.000,- på Statnett og kr. 50.000,- på Øst-Telemarkens brugseierforening.
- Kr. 100.000,- frå bestands- og verneområdeforvaltninga, fordelt på villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell, Fylkesmannen i Telemark (ansvarleg fylkesmann for Brattefjell-Vindeggen villreinområde) og Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde med kr 35.000,- på kvar.

Tabellarisk oversyn over budsjett og finansieringsplan

Budsjett: kr. 515.000,-. Dekker merking og drift av inntil 8 GPS-sendarar i prosjektperioden, derav 3-4 med kamera, samt datainnsamling og administrasjon.			
Hovudgruppe:	Deltakar:	Finansielt bidrag:	Kommentar:
Kommunar: Totalt kr. 100 000	Hjartdal	25 000	«Stor» villreinkommune
	Seljord	25 000	«Stor» villreinkommune
	Tinn	25 000	Reiselivskommune
	Vinje	25 000	Reiselivskommune
Rettighetshavarar og grunneigarar: Totalt kr. 110 000	Brattefjell-Vindeggen Utmarks- og villreinutval	50 000	
	Hydro	20 000	
	Stordalen	20 000	
	Bossbøen Jagtselskab	20 000	
Kraftregulantar og linjeeigarar: Totalt kr. 200 000	Skagerak Kraft AS	100 000	Har alle dei store reguleringsmagasina i villreinområdet
	Statnett	50 000	Har dobbel overføringslinje gjennom dei viktigaste vinterbeiteområda i området
	Øst-Telemarkens Brugseierforening	50 000	Har stått for den største fragmenteringa av villreinområdet frå sitt opphavsareal med Hardangervidda
Bestands- og verneområdeforvaltning: Totalt kr. 100 000	Villreinnemnda for BV, Ble- og NFRF	35 000	
	Fylkesmannen i Telemark	35 000	
	Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde	35 000	
SUM:		515 000	

Kortfatta framdriftsplan

- Oppstarts-/drøftingsmøte 9. mai 2017, Valle
- Skype-møte i arbeidsgruppa 15. juni 2017
- Den 13. september 2017: Skypemøte i arbeidsgruppa for nytt prosjekt i Setesdal-Austhei.
- November; søknad om finansiering av hovudprosjekt og aktuelle delprosjekt.
- Desember: gjennomgang av prosjektskildring og struktur.
- Januar/februar 2018: Konstituerande møte for styringsgruppe for prosjektet og igangsetting av ulike delprosjekt med arbeidsgrupper.
- Mars 2018: GPS-merking av villrein både med og utan kamerasendarar både i Setesdal Austhei og i Brattefjell-Vindeggen.